

Breim kraftverk



Informasjonsbrosjyre

Mars 2011

INNLEIING

Breim Kraft AS har søkt om konsesjon for å byggje og drive eit kraftverk i Storelva i Gloppen kommune. Det er utarbeidd ein utfyllande konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing for prosjektet, og denne brosjyra gjev ein kortfatta presentasjon av utbyggingsplanane, moglege konsekvensar og aktuelle avbøtande tiltak.

Breim, mars 2011

Breim Kraft AS

✓/ Per Jonny Moldestad

PRESENTASJON AV TILTAKSHAVAR

Breim Kraft AS er eit selskap som er 100 % eigd av grunneigarane med fallrettar på den aktuelle elvestrekninga. Det har vore eit bevisst val frå grunneigarane si side at prosjektet skal vere på lokale hender, slik at inntekter og økonomiske ringverknader kjem lokalsamfunnet til gode.

BAKGRUNN FOR SØKNADEN

Kostnads- og produksjonsoverslag viser at den planlagde utbygginga er økonomisk lønsam. Årleg middelproduksjon er utrekna til ca. 98 GWh, og ca. 30 % av dette er vinterkraft. Utbygginga vil koste ca. 336 mill. kr., noko som gjev ein utbyggpris på 3,42 kr/KWh. Breim kraftverk vil vere eit ytterlegare bidrag til kraftforsyninga både lokalt og nasjonalt.

Konsekvensutgreiinga som ligg føre konkluderer med at det planlagde prosjektet (alt. A) jamt over har små til middels negative konsekvensar miljø, naturressursar og samfunn dersom dei føreslegne avbøtande tiltaka vert gjennomført i tråd med planane. Utbyggjar er difor av den oppfatning at dette er eit prosjekt med akseptable miljøkonsekvensar sett i forhold til samfunnsnyttan.

Ei utbygging av Breim kraftverk vil gje inntekter til kommunen, fylkeskommunen og staten, samt skape arbeidsplassar og vekstvilkår lokalt. Kraftproduksjon vil kunne bli ei viktig attåttnæring for landbruket, noko som vil bidra til å sikre busetnaden i dette området.



Figur 1. Oversiktskart som viser utbyggingsplanene.

VURDERTE OG OMSØKTE ALTERNATIV

Tabellen under oppsummerer dei vurderte utbyggingsalternativa.

Alternativ		Anmerkning	Vurdering / prioritering
A1	Inntak ved Høylo, kraftstasjon i fjell i Seimestranda	Låg inntaksterskel ved Høylo, kanal til inntak med spylearrangement, deretter sjakt ned til tunnel med lengde 4100 m fram til kraftstasjon i fjell ca. 1,3 km sør for Storelva sitt utløp i Breimsvatnet. Utbyggingskostnad: Ca. 336 millioner. Produksjon: Ca. 98 GWh.	1. Prioritet
A2	Inntak ved Høylo, kraftstasjon i dagen i Seimestranda	I stor grad som alt. A1, men kraftstasjon i dagen i Seimestranda. Utbyggingskostnad: Noko høgare enn alt. A1. Produksjon: Ca. 98 GWh.	2. Prioritet
B	Inntak ved Høylo, kraftstasjon i dagen ved Seimebrua	Terskel og inntak ved Høylo. Tunnel eller tunnel/rørgate ned til kraftstasjon ved Seimebrua. Teknisk svært vanskeleg, store terrenginngrep nær busetnad, svært høg utbyggingskostnad (over 500 mill. NOK) og redusert produksjon (ca. 80 GWh).	Forkasta (Ikkje omsøkt)
C	Ulike løysingar med nedgravd rørgate langs elva eller åpen kanal + rørgate	Inntak ein stad mellom kote 110-125. Rørgate langs elva eller open kanal i lia med rørgate på den siste strekninga ned mot kraftstasjon ovanfor Seimebrua. Teknisk svært vanskeleg, store terrenginngrep nær busetnad og svært høg utbyggingspris.	Forkasta (Ikkje omsøkt)

OM UTBYGGINGSPLANANE

Det omsøkte utbyggingsalternativet (A1) inneber bygging av ein ca. 70 m brei og 1-1,5 m høg terskel, ein ca. 120 m lang, open kanal samt inntak med spylearrangement i Storelva ved Høylo. Vatnet vil deretter bli ført inn på overføringstunnelen, som blir ca. 4100 m lang.

Kraftstasjonen, som er planlagt inne i fjellet i Seimestranda, vil mest truleg bestå av tre turbinar med ein samla installert effekt på 32 MW. Den maksimal slukeevnen vil vere på 60,0 m³/s, eller 2,2 gonger middelvassføringa. Minste

slukeevne vil vere på 2,0 m³/s. Eit dykka utløp fører vatnet frå kraftstasjonen og ut i Breimsvatnet.

Kraftstasjonen er planlagt tilkopla Reed transforstasjon ved hjelp av ein 22 kV jordkabel. Traseen vil følgje fylkesvegen på første del av strekninga, og deretter gå parallelt med jordkabel frå Kandalen frå ilandføringspunktet og opp til transformatorstasjonen. Alternativt kan den tilkoplast eksisterande 132 kV linje mellom Skei og Reed ved hjelp av ein jordkabel og ei T-avgreining.

Tabellen under viser utvalde nøkkeltal for det planlagde prosjektet i Storelva (kun hovudalternativet – A1).

Nedbørfelt (km ²)	353,1
Restfelt mellom inntak og kraftstasjon (km ²)	16,3
Middelvassføring (m ³ /s) ved inntaket	27,3
Alminneleg lågvassføring (m ³ /s) ved inntaket	2,58
Inntak (kote)	125,0
Utløp (kote) (HRV/LRV i Breimsvatn)	61,14 / 59,64
Brutto fallhøgde (m)	63-65,0
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	60,0
Slukeevne, min. (m ³ /s)	2,0
Installert effekt (MW)	32,0
Vassveg, lengde (m)	4 100
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4) (GWh)	30,0
Produksjon, sommar (1/5 – 30/9) (GWh)	68,0
Produksjon, årleg middel (GWh)	98,0
Utbyggingskostnad (mill.kr)	336
Utbyggingspris (kr/kWh)	3,42

Det meste av tunnelmassene er planlagt deponert i Breimsvatnet, medan resten vil bli brukt til utbetring av jordbruksareal og andre samfunnsnyttige føremål.

For å redusere effekten av utbygginga på landskap, naturmiljø,

fisk/ferskvassbiologi og friluftsliv legg Breim Kraft opp til minstevassføring. I produksjonsberekningane er det kalkulert med $6,0 \text{ m}^3/\text{s}$ i sommarhalvåret og $1,0 \text{ m}^3/\text{s}$ i vinterhalvåret. I tillegg er det aktuelt å byggje tersklar på dei nederste 700-800 metrane. Desse tiltaka ligg inne som ein del av utbyggingsplanane.



Figur 2. Elvestrekninga mellom Seimebrua og Breimsvatnet. Vassføringa på bildet er ca. $5,4\text{--}5,5 \text{ m}^3/\text{s}$, eller ca. 78 % av restvassføringa i sommarhalvåret etter utbygging.

Tabellen under viser framdriftsplanen for prosjektet.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Konsesjonssøknad / KU	■					
Konsesjonsbehandling		■				
Prosjektering			■			
Kontrahering				■		
Bygging				■	■	■
Drift						➔

EKSISTERANDE TILHØVE I VASSDRAGET

Det er ei rekkje eksisterande vasskraftprosjekt i Breimsvassdraget. På strekninga mellom Breimsvatnet og utløpet i sjøen finn ein vasskraftverk både i Evebøfossen, Eidsfossen og Trysilfossen. Lenger oppe i vassdraget, ovanfor planområdet for Breim kraftverk, er det bygd kraftverk på Byrkjelo, i Teitafossen, ved Hjellev og ved Egge. I tillegg til desse finst det fleire småkraftprosjekt vidare oppover i vassdraget (i Stardalen og Myklebustdalen), samt at det er søkt om konsesjon for eit større vasskraftprosjekt i Stardalen (forventa årsproduksjon på 48,7 GWh).

Elles renn det meste av den aktuelle elvestrekninga gjennom eit jordbrukslandskap med spreidd busetnad. Planområdet ber preg av eit aktivt landbruk gjennom fleire hundre år, og det er lite inntakt natur og ingen inngrepsfrie naturområde (INON) langs denne delen av vassdraget.



Figur 3. Oversikt over arealbruk, landformer og vegetasjon i influensområdet. Omtrentleg lokalisering av inntak, tunnel og kraftstasjon er vist.

FORHOLDET TIL SAMLA PLAN OG VERNEPLAN FOR VASSDRAG


Utbyggingsplanane i Storelva har ikkje tidlegare vore vurdert i Samla Plan, og

det vart difor søkt om fritak frå Samla Plan handsaming for dette prosjektet. Denne søknaden vart innvilga av Direktoratet for Naturforvaltning (DN) den 9. september 2009. Vedtaket opna for at Breim Kraft AS kan søkje om konsesjon for det planlagde vasskraftprosjektet.

Vassdraget har ikkje vore vurdert i samband med suppleringa av verneplan for vassdrag, som vart gjennomført i 2005. Dette er ein indikasjon på at vassdraget berre har moderate verneverdiar samanlikna med dei vassdraga i fylket som er vedteke verna.

MOGLEGE KONSEKVEN SAR AV EI UTBYGGING

I dei neste kapitla er det gjeve eit kort samandrag av dei viktigaste resultata frå konsekvensutgreiingane. Vi viser til dei ulike fagrapportane for meir informasjon.



Figur 4. Vassføringa ved Storelva sitt utløp i Breimsvatnet i eit middels år (2008), før og etter utbygging.

Hydrologiske forhold (vassføring)

Figuren til venstre viser vassføringa i nedre del av Storelva i eit middels år, før og etter ei eventuell utbygging. Som figuren viser vil ei utbygging naturleg nok føre til ein forholdsvis stor reduksjon i vassføringa på strekninga mellom inntaket og Breimsvatnet. Middelvassføringa ved det planlagde inntaket på Høylo er på ca. $27,3 \text{ m}^3/\text{s}$. I dei periodane vassføringa er lågare enn slukeevnen ($60,0 \text{ m}^3/\text{s}$) vil det meste av vatnet bli leia inn på overføringstunnelen. Frå utbyggjar si side er det imidlertid lagt opp til ei minstevassføring på $6,0 \text{ m}^3/\text{s}$ i sommarhalvåret og $1,0 \text{ m}^3/\text{s}$ i vinterhalvåret. I tillegg til dette vil avrenning frå restfeltet (i snitt $0,9\text{-}1,0 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren og $0,3\text{-}0,4 \text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren) og overløp i periodar med mykje nedbør eller bresmelting bidra til noko større vassføring på strekninga mellom Høylo og Breimsvatnet.



Figur 5. Storelva ovanfor Seimebrua. Vassføringa er ca. $5,4\text{-}5,5 \text{ m}^3/\text{s}$. Etter utbygging vil restvassføringa i perioden 1. mai til 31. september vere på ca. $6,9\text{-}7,0 \text{ m}^3/\text{s}$ (ca. 27 % høgare enn vassføringa på bildet). I tillegg er det aktuelt å byggje tersklar på denne strekninga.

Landskap

Med ei minstevassføring på 6 m³/s sommarstid, som aukar til ca. 7,0 m³/s ned mot utløpet i Breimsvatnet, vil restvassføringa ligge nær opptil naturleg lågvassføring i elva, og vil gje eit visuelt bilde som mange vil oppleve som naturleg (sjå figur 5). Ei tett kantsone av lauvskog langs det meste av den aktuelle elvestrekninga vil òg bidra til å dempe den visuelle verknaden på landskapet rundt. Det siste strekninga ned mot utløpet i Breimsvatnet ligg meir eksponert til i landskapet, og vil vere godt synleg frå mange stader. Her renn Storelva forholdsvis roleg og det vassdekte arealet og delar av elva si landskapsmessige betydning kan truleg oppretthaldast ved hjelp av ein kombinasjon av minstevassføring og tersklar.

Ved Breimsvatnet vil alternativ A1 innebere kraftstasjon i fjell, omlegging av eksisterande rv. 694 over ei strekning på ca. 300 m og ein ca. 600 m lang atkomstveg opp lia. Bratt terreng tilseier at inngrepa, og då spesielt atkomstvegen opp lia, fort vil gje sår i landskapet i form av store skjeringar og fyllingar. På sikt vil den visuelle effekten på landskapet bli dempa noko ved at fyllingar og andre berørte areal vert revegetert. Dette storskala landskapet (Breimsvatnet) er òg vurdert å ha relativt stor tåleevne for denne typen inngrep.

Når det gjeld tilhøvet til inngrepsfrie naturområde (INON), så er planområdet allereie sterkt påverka av busetnad, landbruk, vegar, kraftliner og liknande. Det er med andre ord ikkje noko inngrepsfritt areal igjen (iht. DN sin definisjon) i nærområdet til Breim kraftverk.

Totalt sett er utbygginga vurdert å ha liten negativ konsekvens (-) for landskapet i den langsiktige driftsfasen dersom avbøtende tiltak som minstevassføring, bygging av tersklar og oppussing/revegetering av massedeponi, anleggsområde, etc. vert gjennomført i tråd med planane. I anleggsfasen vil konsekvensane for landskapet vere noko større.

Kulturminne og kulturmiljø

I følgje Riksantikvaren er det ei rekkje arkeologiske og nyare tids kulturminne i nærområdet til dette prosjektet. Området er difor kartlagt / synfart av arkeolog i samband med konsekvensutgreiinga.

Arealbeslaga i samband med den planlagde utbygginga er små og omfattar i stor grad utmark og noko dyrka mark utan kjende kulturminne og med eit moderat potensial for funn av nye kulturminne. Det er ingen kjende vassdragstilknytt kulturminne i dette området. Den førslegne minstevassføringa er vurdert som tilstrekkeleg for å oppretthalde dei viktaste kvalitetane i kulturlandskapet langs elva.

Basert på dagens kunnskapsnivå er utbygginga vurdert å ha ubetydeleg til liten negativ konsekvens (0/-) for kulturminne og kulturmiljø.

Naturmiljø (flora og fauna)

Ei utbygging vil kunne påvirke floraen og faunaen i området gjennom arealbeslag, støy og uroing i anleggsfasen, samt redusert vassføring i driftsfasen.

Arealbeslaget vil i stor grad påvirke vanlege vegetasjonstypar utan dei heilt store kvalitetane med tanke på artsmangfald. Ingen viktige naturtypar, trua vegetasjonstypar eller raudlista planteartar vil bli påverka reint fysisk.

Støy og uroing i anleggsfasen vil kunne gjere seg gjeldande i området rundt inntaket ved Høylo og i Seimestranda, samt ved eventuelle massedeponi på land. Dette vil kunne føre til at enkelte artar, deriblant hjort, trekk vekk frå anleggsområda så lenge anleggsarbeidet pågår. Dei fleste artane som er registrert i influensområdet er imidlertid tilpassa ein viss menneskeleg aktivitet, og det er ikkje registrert sårbare artar av rovfugl i nærområdet til planlagt inntak eller kraftstasjon. Ein forventar difor ikkje at støy og uroing i anleggsfasen vil medføre vesentlege negative konsekvensar for sårbare artar av vilt.

Erfaringar fra utbygginga i Aurland tilseier at ein må forvente at enkelte fuktigheitskrevjande planteartar og vegetasjonstypar i og langs elva vil få redusert utbreiing i driftsfasen. Dette vil kunne berøre ein førekomst av elvemosevegetasjon i Storelva, medan gråor-heggeskogen langs vassdraget er vurdert som mindre sårbar. Når det gjeld vassdragstilknytt artar av fugl, mellom anna fossefall, strandsnipe og stokkand, så vil den føreslegne minstevassføringa på 6 m³/s normalt vere tilstrekkeleg for å sikre hekkemoglegheiter og næringstilgong i sommarhalvåret. I vinterhalvåret vil redusert vassføring kunne føre til at vassdraget vert islagt over eit lengre

tidsrom, noko som vil kunne påverke artar som fossekall og laksand. Storelva vil då kunne bli mindre eigna som overvintringsområde for desse artene.

Ingen inngrepsfrie naturområde (INON) eller verneområde vert påverka av den planlagde utbygginga.

Utbygginga er vurdert å ha liten negativ konsekvens (-) for flora, fauna, INON og verneinteresser i anleggsfasen, og liten til middels negativ konsekvens (-/--) i driftsfasen.

Fisk og ferskvassbiologi

Fiskebestanden i Breimsvatnet og Storelva er godt kartlagt gjennom tidlegare undersøkingar og nye gyte- og ungfiskellingar hausten 2008 og 2009.

Dei undersøkingane som er gjort viser at Storelva har ein tynn bestand av bekkeørret, og at gyte- og oppveksttilhøva er generelt dårlege. Dette skuldast i første rekkje at vassdraget er sterkt brepåverka og har dårleg sikt (høg turbiditet) i store delar av sommarhalvåret, at hastigheita på vatnet er høg samt at substratet er svært grovt (lite gytegrus). I dei to gytefisktellingane som er gjennomført (desember 1999 og november 2008) vart det ikkje påvist gytefisk på den aktuelle strekninga. Fisken i elva er sannsynlegvis individ på beitevandring i periodar med god sikt. Så fort bresmeltinga og turbiditeten aukar på (tidleg i juni), vil fisken få problem med å finne næring og den vil då i stor grad trekkje ned i Breimsvatnet igjen.

Breimsvatnet er kjend for storørreten sin. Dei undersøkingane som er gjort viser at storørreten i vatnet utelukkande gyt i utløpet av Breimsvatnet (strekninga Vassenden/Ryssdalsnes til Trysilfossen), og ikkje i Storelva eller Paulselva. Utbygginga vil difor ikkje medføre negative konsekvensar for bestanden av storørret, men vil kunne påverke fiskemoglegheitene ved utløpsosen (sjå omtale under friluftsliv, jakt og fiske).

Ei utbygging med ei minstevassføring på 1,0 m³/s i vinterhalvåret og 6,0 m³/s i sommarhalvåret vil kunne betre dei marginale tilhøva for bekkeørreten i vassdraget. Ei fråføring av store delar av vassføringa vil kunne betre sikten i nedre del av Storelva noko (ved at restfeltet står for ein større andel av vassføringa) og gje lågare vasshastigheit, noko som vil kunne ha ein viss positiv effekt på gyte-/oppveksttilhøva for fisk. Det vil då kunne etablere seg ein eigen gytebestand i elva.

Utbygginga av Breim kraftverk er vurdert å ha ubetydelig/ingen konsekvens (0) for fisk og ferskvassbiologi, både i anleggs- og driftsfasen, dersom dei skisserte avbøtande tiltaka vert gjennomført.

Vasskvalitet og vassforureining

Vassprøvene som er tekne i Storelva i perioden 1992-2008 viser at vatnet held ein variabel kvalitet, noko som skuldast mellom anna utslepp frå reinseanlegg og meieri på Byrkjelo, høgt innhald av breslam i sommarhalvåret og avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal. Tabellen under viser gjennomsnittsverdiar i denne perioden, samt vurdering av tilstand (jf. Klima- og forureiningsdirektoratet sin rettleiar).

Parameter	Eining	Gjennomsnittsverdi (antal prøver)	Vurdering
N-total	µg/l	765,8 (52)	Dårleg
P-total	mg/l	19,0 (52)	Mindre god
Turbiditet	FNU	1,6 (50)	Mindre god
KOF-Mn	mg/l	1,4 (52)	Meget god
Koliforme bakterier.	ant/100ml	36 (51)	God
pH		6,6 (52)	Meget god

Dei høge fosfortala kan til ei viss grad forklarast med at elva fører mykje brevatn (dette forsforet er lite biotilgjengeleg), som generelt har eit høgt fosforinnhald, samt at det ligger mykje fulldyrka mark langsmed vassdraget. Men her ser ein òg ein monaleg auke etter at meieriet på Byrkjelo vart etablert. Totalt nitrogeninnhald ligg i tilstandsklassen "dårleg" nedstraums Byrkjelo renseanlegg. Med hensyn til kjemisk oksygenforbruk (KOF-Mn), som indikerer mengda av organisk materiale i vatnet, er måleverdiane så låge at tilstanden i elva vert klassifisert som "meget god".

Når det gjeld fosfor og nitrogen så viser målingane at konsentrasjonen i elvevatnet aukar mykje frå målepunktet oppstraums Byrkjelo til målepunktet nedanfor Byrkjelo reinseanlegg, for deretter å avta ned mot utløpet av Storelva. Dette er ein klar indikasjon på at det i første rekkje er tilførslane frå busetnad og meieri på Byrkjelo som er avgjerande for vasskvaliteten lenger

nede i Storelva, og at tilførslane frå jordbruksareal og andre kjelder nedstraums inntaket er relativt små.



Figur 6. Storelva nedanfor Rådabrua.

I anleggsperioden vil arbeid med terskel, kanal og inntak kunne føre til auka tilførslar av sprengsteinstøv, jord o.l. til elva. Storelva har sine kjelder rundt Jostedalsbreen og er ei elv med høg transport av suspendert materiale (breslam), så anleggsarbeidet vil neppe føre til nokon vesentleg auke i turbiditeten dersom anleggsarbeidet rundt inntaket skjer tidleg i sommarhalvåret. I vinterhalvåret er slamtransporten i elva låg, og effekten av eventuelle tilførslar av partiklar frå arbeid ved inntaket vil vere meir synleg.

Ei utbygging vil føre til at det meste av utsleppa frå renseanlegg og meieri på Byrkjelo går gjennom tunnel og kraftstasjon i driftsfasen. Den reduserte vassføringa nedanfor inntaket vil imidlertid føre til redusert fortynning av utslepp langs den berørte elvestrekninga. Sidan vassprøvene gjev ein klar indikasjon på at tilførslane av fosfor og nitrogen nedanfor Byrkjelo reinseanlegg er små, er det truleg at den relativt høge restvassføringa i sommarhalvåret ($6,0 - 7,0 \text{ m}^3/\text{s}$) vil vere tilstrekkeleg til at ein unngår ei

vesentleg forverring av vasskvaliteten i elva. Det bør imidlertid gjennomførast fleire prøvetakingar utover i driftsfasen, slik at det kan gjennomførast tiltak for å redusere avrenninga til vassdraget dersom det viser seg at vasskvaliteten vert merkbart dårlegare.

I følge grunneigarane blir ikkje vatnet i Storelva brukt verken til drikkevatt eller irrigasjon. Det er med andre ord ingen bruksinteresser som vil bli påverka dersom ein skulle få ei midlertidig eller moderat varig endring av vasskvaliteten i elva.

Utbygginga av Breim kraftverk er vurdert å ha liten negativ konsekvens (-) for vasskvalitet/vassforureining, både i anleggs- og driftsfasen.

Støy og luftforureining

Med unnatak av noko lokal støy i anleggsfasen knytta til tipping av tunnelmasser vil støy og luftforureining ikkje bli noko vesentleg problem i samband med utbygginga. Det er generelt god avstand frå anleggsområda (kraftstasjon, inntak og liknande) til nærmaste busetnad.

Jord- og skogbruk

Arealbeslaga i samband med ei eventuell utbygging vil i svært liten grad berøre viktige jord-, skog- eller beiteområde, og utbygginga vil difor ikkje medføre negative konsekvensar for landbruket sitt ressursgrunnlag.

Den viktigaste konsekvensen for landbruket i området vil vere at utbygginga styrkar næringsgrunnlaget i området og gjev gardbrukarane ei vesentleg tilleggsinntekt. Dette vil på sikt vere positivt for busetnaden i dalføret. Ei utbygging er difor vurdert å ha ein utelukkande positiv verknad for landbruket i dette området.

Ferskvassressursar

Ferskvassressursane i elva blir ikkje brukt verken til drikkevatt eller irrigasjon. Utbygginga medfører difor ingen konsekvensar for noverande eller planlagt bruk av desse ferskvassressursane. Det er òg lite som tilseier at Reed og Hovden vassverk vil bli påverka av utbygginga, men for sikkerheits skuld vert det lagt opp til oppfølgjande målingar i anleggsfasen slik at eventuelle tiltak kan iverksetjast ved behov.

Andre naturressursar

Ei utbygging vil ikkje ha negative konsekvensar for ei eventuell utnytting av mineral og masseførekomstlar langs vassdraget.

Næringsliv, sysselsetting, tenestetilbod og kommunal økonomi

Ei eventuell utbygging vil ha ein positiv effekt på næringsliv og sysselsetting i anleggsfasen p.g.a. auka etterspurnad etter varer og tenester. Basert på erfaringar frå andre prosjekt er det rekna med at utbygginga vil kunne medføre lokale leveransar i anleggsfasen for i overkant av 20 millionar kroner, noko som tilsvarer 10-12 årsverk. Sidan anlegget vil bli automatisert/fjernstyrt vil utbygginga sannsynlegvis ikkje føre til nye heiltids arbeidsplassar lokalt, men det vil vere behov for noko ettersyn av tersklar, kanal, inntak og kraftstasjon. Grunneigarane ønskjer å utføre tilsyn og vedlikehald i eigen regi og forventar at dette vil medføre noko lokal verdiskaping også i driftsfasen.



Figur 7. Storelva ovanfor Bø.

Den kommunale økonomien i Gloppen vil få eit positivt bidrag i form av bl.a. eigedomsskatt og naturressursskatt. Her er det snakk om ca. 3,2 millionar

kroner i anleggsfasen og ca. 1,6 - 1,7 millionar kroner per år i driftsfasen, der eigedomsskatten utgjer størsteparten av beløpet. I tillegg kjem auka skatteinnngong frå fallrettshavarane/grunneigarane i driftsfasen, men dette beløpet er så langt ikkje estimert.

Friluftsliv og reiseliv

Når det gjelder friluftsliv, jakt og fiske er det i første rekkje moglegheitene for elvepadling og fiske ved utløpsosen som vil bli påverka av ei utbygging. Den føreslegne minstevassføringa vil vere for låg til at elva normalt let seg padle etter utbygging (det bør vere minst 20-25 m³/s på den aktuelle strekninga, noko som betyr at vassføringa i Storelva oppstraums inntaket må opp i 80-85 m³/s for at dette skal kunne la seg gjere). Den reduserte vassføringa vil òg føre til at fisket etter storørret ved utløpsosen blir meir veiravhengig. Storørreten kjem normalt oppunder osen når vassføringen aukar raskt (ved mykje nedbør eller høg bresmelting), og dette vil etter utbygging berre skje i korte periodar med flaum og overløp over dammen. Utbygging vil medføre betre fiskemoglegheiter oppe i Storelva som følgje av mindre vassføring og lågare turbiditet, men eit betra fiske etter bekkeørret vil ikkje kompensere for reduserte moglegheiter for fiske etter storørret ved osen. Moglegheitene for jakt i tiltaksområdet vert ikkje påverka utover anleggsfasen.

Oppsummering

Tabellen under oppsummerer konsekvensgraden for dei ulike fagområda i driftsfasen (i anleggsfasen vil konsekvensane med tanke på støy, landskapsverknad og friluftsliv kunne være noko større enn i driftsfasen):

Tema	Konsekvensgrad alt. A1
Landskap	Liten negativ (-)
Kulturminne og kulturmiljø	Ubetydeleg til liten negativ (0/-)
Flora og fauna	Liten til middels negativ (-/--)
Fisk og ferskvassbiologi	Ubetydeleg / ingen (0)
Vasskvalitet og vassforureining	Liten negativ (-)
Støy og luftforureining	Ubetydeleg / ingen (0)
Landbruk	Middels positiv (++)

Tema	Konsekvensgrad alt. A1
Ferskvassressursar	Ubetydeleg / ingen (0)
Georessursar	Ubetydeleg / ingen (0)
Næringsliv og sysselsetjing	Liten positiv (+)
Tenestetilbod og kommunal økonomi	Liten positiv (+)
Sosiale og helsemessige forhold	Ubetydeleg / ingen (0)
Friluftsliv, jakt og fiske	Middels til stor negativ (--/---)

VIDARE SAKSGONG

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) handsamar utbyggingssaka. Handsaminga skjer i tre fasar:

Fase 1 – meldingsfasen

Tidlegare har tiltakshavar lagt fram sine planar i ei melding, og gjort greie for kva slag konsekvensutgreiingar dei meinte var nødvendige. Meldinga vart sendt på høyring den 5. mai 2009. Etter å ha mottatt fråsegner fastsette NVE eit konsekvensutgreiingsprogram.

Fase 2 – utgreiingsfasen.

Konsekvensane vart i denne fasen utgreidd i samsvar med det fastsette programmet, og dei tekniske og økonomiske planane vart utvikla vidare. Fasen vart avslutta med innsending av konsesjonssøknad med tilhøyrande konsekvensutgreiing til NVE.

Fase 3 – søknadsfasen

Saka er no i denne fasen. Planlegginga er avslutta, og søknaden med konsekvensutgreiing er sendt til Olje- og energidepartementet (OED) ved NVE.

Høyring: Søknaden vert kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg ettersyn. Samstundes vert den sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og ulike interesseorganisasjonar, og i tillegg alle som kom med fråsegn til meldinga. Søknaden med konsekvensutgreiing vil vere tilgjengeleg for

nedlasting på www.nve.no/vannkraft i høyringsperioden. Alle kan komme med fråsegn. Denne kan du sende via nettsida www.nve.no/vannkraft eller til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO. Høyringsfristen er minimum tre månader etter kunngjeringsdatoen.

Føremålet med høyringa av søknaden med konsekvensutgreiing er:

- ✓ å informere om planane
- ✓ å få grunngevegne tilbakemeldingar på om alle vesentlege forhold er tilstrekkeleg utgreidd, jamfør krava i utgreiingsprogrammet
- ✓ å få grunngevegne tilbakemeldingar på om tiltaket bør gjennomførast eller ikkje
- ✓ å få eventuelle forslag til avbøtande tiltak.

Ope møte: I løpet av høyringsperioden vil NVE arrangere eit ope folkemøte der deltakarane vil verte orienterte om saksgongen og utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad for møtet vil verte kunngjort på www.nve.no/konsesjonsnyheter og i lokalaviser.

Slutthandsaming: Etter at høyringsrunden er avslutta utarbeider NVE si tilråding i saka, og sender den til OED for slutthandsaming. Endelig avgjerd vert teten av Kongen i statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker kan verte lagt fram for Stortinget.

I ein eventuell konsesjon kan OED sette vilkår for drift av kraftverket og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusere skadar og ulemper.

I følgje vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte krevje utgifter til juridisk bistand og sakkyndig hjelp dekt av tiltakshavar, i den utstrekning det er rimeleg. Ved usemje om kva som er rimeleg kan dei leggje saka fram for NVE. Vi anbefalar at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser samordnar sine krav, og at kravet om dekning vert avklara med tiltakshavar på førehand.

Spørsmål om sakshandsaminga kan du rette til NVE, e-post: nve@nve.no eller i brev til:

0301 OSLO

Spørsmål til innhaldet i søknaden, konsekvensutgreiinga og dei tekniske planane kan rettast til:

Breim Kraft AS

^v/ Per Jonny Moldestad

6827 Breim

Tlf: 415 32 148 (mob)

E-post: pjmoldis@hotmail.com

EIGNE NOTATER

Side 10

[illegible]

MEIR INFORMASJON

Høyringsfråsegner og spørsmål om sakshandsaminga kan rettast til:

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Kontaktperson:

Jan Sørensen
Tlf: 22 95 92 11
E-post: jaso@nve.no

Spørsmål om utbyggingsplanane kan rettast til:

Breim Kraft AS (SUS)

Kontaktperson:

Per Jonny Moldestad
Tlf: 415 32 148 (mob)
E-post: pjmoldis@hotmail.com

Konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing er utarbeidd av:

Multiconsult AS
Serviceboks 9
6025 Ålesund